

# ÅRSMØTE I LEIKARRINGEN BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

Lagsrommet (kjellar), Rosenkrantz' gate 8

Tysdag 25. februar 2020 - kl. 19.00



## **SAK 1 OPNING AV MØTET**

- 1.1 Godkjenning av innkalling og saksliste**
- 1.2 Val av møteleiar**
- 1.3 Val av skrivar**
- 1.4 Val av to til å skrive under møteboka**
- 1.5 Val av teljekorps**

## **SAK 2 ÅRSMELDING FOR 2019**

- 2.1 Melding frå Styret i Leikarringen**
- 2.2 Melding frå Rådet i Leikarringen**
- 2.3 Melding frå Søndansen**
- 2.4 Melding frå Bunadnemnda**
- 2.5 Melding frå Hundreleiknemnda**

### **Styret sitt framlegg til vedtak:**

Kvar av meldingane vert vedtatt slik dei er lagt fram.

## **SAK 3 REKNESKAP FOR 2019**

### **3.1 Rekneskap**

Rekneskapen er ikkje ferdig revidert og framleis under arbeid.

Førebels rekneskap vert lagt fram for årsmøtet

## **3.2 Balanse**

Rekneskapen er ikkje ferdig revidert og framleis under arbeid.  
Førebels balanse vert lagt fram for årsmøtet

## **SAK 4 PLANAR FOR 2020**

### **4.1 - Aktivitetar**

#### **4.1.1 Regulære øvingar**

Dei regulære øvingane på tysdagar og ved søndansen er kjernen i Leikarringen sin aktivitet og vil halde fram i 2020. Her legg vi det sosiale og faglege grunnlaget for framsyningar, turar og øvrig aktivitet. I tillegg til øvingane for vaksne vert det óg arrangert barneøvingar i BULder og Brak, og den nystarta gruppa TrøBUL (2019).

Mot slutten av 2019 kom det på plass eit initiativ til ei songdansgruppe for medlemmer som ønskjer det. Her er alle velkomne.

Øvingane finn stad:

- Tysdagsøvingane: i Teatersalen, Rosenkrantz' gate 8, kl. 19:30-21:30
- Søndansen planlegg å møte ein søndag i månaden og held til i lagsrommet, i Rosenkrantz' gate 8 kl. 18:00-21.00.
- BULder og Brak øver tysdag frå 18.00-20.00
- TrøBUL øver frå 17.00-18.00 tysdager før BULder og Brak
- Songdansgruppa møte tysdagar frå 18.45-19.15

#### **4.1.2 Terminavslutningar**

Vi planlegg terminavslutningar både sommar og vinter, som ei triveleg markering av eit gjennomført semester.

#### **4.1.3 Dansekveldar**

##### **4.1.3.1 "Lønningspols"**

Dette konseptet har vi hatt nokre år, med suksess og med godt oppmøte frå både medlemmer og ikkje-medlemmer. Styret planlegg å arrangere ei Lønningspols i kvar termin. Dette er dansekvelder med hovudfokus på polsdans frå ulike stader i landet, men og med anna runddansmusikk gjennom kvelden. Her oppmodar vi alle medlemmer til å komme og nyte anten god dans, levende musikk eller sosialt lag.

#### **4.1.4 17. mai**

For 48. gong skal Leikarringen danse opp Karl Johan på om morgonen på grunnlovsdagen. Her vonar vi å samle dansegilde frå Leikarringen og andre lag, slik at det blir eit stort og synleg innslag på morgonkvisten.

I mange år har Leikarringen gleda bebuarane ved Ensjøtunet seniorsenter med dans på ettermiddagen. Dette ønskjer vi at held fram og vonar få med ei stor gruppe dansarar til å delta her.

I samarbeid med hovudlaget arrangerer Leikarringen det, etter kvart, tradisjonsrike Brusteiinsballet på Universitetsplassen med start kl. 18.14. Vi ser for oss å halde fram med same kvalitet og omfang som dei siste åra, med same gruppe musikarar og danseleiar.

#### **4.1.5 Kappleikar**

Etter mange gode opplevingar på kappleik både lokalt og nasjonalt ønskjer styret å halde fram med deltakinga på Landskappleiken og Oslokappleiken. I år vert Landskappleiken arrangert i Rjukan.

#### **4.1.6 Kven veit?**

NU arrangerer kvart år kunnskapstevlinga "Kven veit?". I år, som i fjor planlegg Leikarringen å delta med to lag. Også Teaterlaget stiller og vi vonar dette kan bidra til å auka kjennskapen med kvarandre både innan og på tvers av særлага. Konkurransen vert gjennomført i fleire rundar gjennom vårterminen.

### **4.2 Barnesatsing i Leikarringen**

#### **4.2.1 Oppretting av ny barnedansegruppe**

Barnegruppa TrøBUL held fram som eit satsingsområde for Leikarringen. Her vonar vi å leggje til rette for gode opplevingar med folkedans og -musikk slik at vi sikrer rekrutteringa til Leikarringen og i framtida.

Gruppa øver kl. 17:00-18:00 kvar tysdag i Lagsrommet i Rosekrantz' gate 8.

Gruppa har eigen instruktør i Ingeborg Solheim-Allen.

#### **4.2.2 BULder og Brak - utstyr**

I 2018 kjøpte Leikarringen inn noko nytt utstyr til BULder og Brak. Difor ynskjer vi og å 2020 å kjøpe inn fleire matter og puter til oppøving av akrobatiske dupleiker. Døme på naudsynte innkjøp vil vere:

- Matter
- Buepute
- Førstehjelpsskrin
- Stokker
- Hatter

### **4.3 Framsyningar (hovudsakleg BULder og Brak)**

Leikarringen ønskjer å kunne stille med framsyningar ved forespurnader. Vi får gjennom året slike oppdrag frå frivillige organisasjonar, private bedrifter og privatpersonar, men har dei siste åra ikkje hatt tilgjengelege dansarar til å møte dette på ei tilfredsstillande måte. Dessutan må vi hyre musikal kvar gong, som gjer kostnaden høg, og frivillige arrangement krevjande.

Derimot er BULder og Brak klare for oppdrag, og vi ønskjer å satse på framsyningsaktivitet for denne gruppa.

### **4.5 Kurs og seminar**

Vi vil oppmode medlemer om å søkje ny kunne frå relevante kurs for aktiviteten i laget. Det er eit mål at medlemer som reiser på kurs med støtte frå Leikarringen bør få praktisere det dei lærar på kurs og arrangement i løpet av året. T.d. helde minikurs for medlemer eller liknande.

## **4.6 Profilering**

### **4.6.1 Leikarringen i Allkunne og Wikipedia**

I år, som i fjor, ønskjer vi å arbeide for å opprette Wikipedia-artikkelen “Leikarringen i BUL Oslo” og ein tilsvarande artikkel i Allkunne. Dette vonar vi vil gje betre blest kring ringen og aktiviteten på verdsveven elles. Større digital flate bør vere sentralt for ein framtidsretta 100-åring.

### **Styret sitt framlegg til vedtak:**

Årsmøtet vedtar planane for 2020

## **Sak 5 - ENDRING AV LOVA**

Sjå vedlegg 3 i årsmøtepapirene

### **Bakgrunn for forslaget:**

På årsmøtet i 2019 vart det vald to varamedlemer til styret i Leikarringen. Da kommenterte årsmøtet at vi ikkje valde 1. og 2. vara til styret, men formelt berre to likestilte varamedlemer. Styret foreslår difor ei enkel formulering i lova om at det skal veljast 1. og 2. vara.



## **Sak 6 - ENDRING AV STYRINGSFØRESEGNENE**

Sjå vedlegg 3 i årsmøtepapirene

### **Bakgrunn for forslaget:**

Barnelaget i BUL vert for nokre år sidan administrativt lagt under Leikarringen. Med dette følgde årspengar og stønad til aktiviteten. No er det ikkje lenger eit operativt Barnelag, som trenger styremedlemer. Difor foreslår styret i Leikarringen å ta bort føresegnen om val av representanter til styret i Barnelaget.

## **SAK 7 MEDLEMSPENGAR FOR 2021**

### **Øvrig informasjon om medlemskap i Leikarringen:**

Faktura for medlemsavgift blir sendt på e-post (ein gong per år) frå hovudlaget i BUL, i januar eller ved innmelding.

Medlemsfordelar:

- Kaffistova i Rosenkrantz gate 8: 10 %
- Heimen Husfliden i Arbeidergata og GlasMagasinet på Stortorget: 10 %
- Bondeheimen i Oslo, Saga Hotell i Tromsø: 15 %
- Det Norske Teatret: 20 %
- På sportsutstyr etter gjeldande avtale

### **Styret sitt framlegg til vedtak:**

Medlemspengar for Leikarringen i 2021 vert uendra frå 2020

- Vaksne - 300 kr
- Studentar og pensjonistar - 150 kr

Dette kjem i tillegg til medlemsavgift til BUL på 650 kr.

BULder & Brak-kontingent blir halden på same nivå som 2020.

## Sak 8 Budsjett for 2020

Under er styret sitt forslag til budsjett for 2020

|      |                              | <b>2020</b>        | <b>2019</b>        | <b>2019</b>        |
|------|------------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
|      |                              | <b>Budsjett</b>    | <b>Rekneskap</b>   | <b>Budsjett</b>    |
| 3010 | Medlemskontingent            | 40 000,00          | 39 600,00          | 30 000,00          |
| 3060 | Særlagsstøtte                | 100 000,00         | 100 000,00         | 100 000,00         |
| 3075 | Inntekt oppdrag              | 30 000,00          | 53 500,00          | 30 000,00          |
| 3090 | Diverse tilskot              | 12 000,00          | 67 780,00          | 20 000,00          |
| 3100 | Billettsal                   | 2 000,00           | 400,00             | 2 000,00           |
| 3110 | Anna inntekt, øvingar        | 2 500,00           | 12 570,00          | 2 500,00           |
| 3080 | Mva.ref.                     | 4 000,00           | 4 139,00           | 2 000,00           |
| 3900 | Ymse inntekter               | 0,00               | 0,00               | 0,00               |
|      | <b>SUM DRIFTSINTEKTER</b>    | <b>190 500,00</b>  | <b>193 447,67</b>  | <b>186 500,00</b>  |
| 5315 | Honorar sjølvstendige        | -156 500,00        | -123 840           | -152 500,00        |
| 6300 | Leige Lokale                 | -500,00            | -4 230,00          | 0,00               |
| 6550 | Driftsmaterialer             | -10 000,00         | -305,00            | -10 000,00         |
| 6820 | Trykksak                     | -2 000,00          | -6 019,00          | 0,00               |
| 6890 | Andre kontorkostnader        | -1 000,00          | -239,49            | -1 000,00          |
| 7110 | Ferdapengar                  | 0,00               | 0,00               | 0,00               |
| 7310 | Lysingar, blestarbeid        | -1 000,00          | -43 458,00         | -2 000,00          |
| 7342 | Møteknader                   | -2 000,00          | 0,00               | -2 000,00          |
| 7430 | Gåver                        | -5 000,00          | -4 069,80          | -6 000,00          |
| 7510 | Forsikring lagsdrifta        | -4 500,00          | 0,00               | -4 000,00          |
| 7712 | Andre møteknader/øvingar     | -5 000,00          | -3 565,00          | -6 000,00          |
| 7715 | Kurs                         | -5 000,00          | 0,00               | -5 000,00          |
| 7730 | Rådvelde styret              | -20 000,00         | -50 000,00         | -30 000,00         |
| 7790 | Andre kostnader              | -12 000,00         | -11 016,00         | -12 000,00         |
| 7792 | Andre kostnader festar       | -5 000,00          | -10 040,00         | -5 000,00          |
|      | <b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>   | <b>-229 500,00</b> | <b>-132 942,29</b> | <b>-235 500,00</b> |
| 8050 | Renter bank                  | 3 600,00           | 3 591,00           | 3 300,00           |
| 8150 | Bankgebyr                    | -100,00            | 0,00               | -100,00            |
| 8800 | <b>RESULTAT</b>              | <b>-39 000,00</b>  | <b>60 505,38</b>   | <b>-49 000,00</b>  |
|      | <i>Resultat inkl. finans</i> | -35 500,00         | 64 096,38          | -45 800,00         |
|      | <i>Resultat før Rådvelde</i> | -19 000,00         | 114 096,38         | -19 000,00         |

### Styret sitt framlegg til vedtak:

Årsmøtet vedtar budsjettet slik det er lagt fram

## SAK 9 VAL

Det skal veljast:

- Styret:
  - Leiar for eitt år
  - To styremedlem for to år
  - To varamedlemer for eitt år
- Bunadnemnda:
  - Tre medlemer for eitt år
- Rådet:
  - To medlemer for to år
- Valnemnda:
  - Tre til fem medlemer for eitt år

### Innstilling frå valnemnda er følgjande:

#### Styret i Leikarringen:

##### Leiar:

Audun Grüner-Hegge (leiar 1 år attval)

##### Styremedlemer:

Solveig B. Hauknes (ikkje på val)

Simon Løvald (2 år attval)

Aleksander B. Herseth (1 år attval)

##### Varamedlemer:

Gyda Tøraasen (vara 1 år ny)

Synnøve Bryde (vara 1 år ny)

#### Bunadsnemnda:

Anne-Cathrine Johansen (1 år attval)

Sigrid Kjøbli (1 år attval)

Åse Hole (1 år attval)

#### Valnemnda:

Torbjørn B. Lauen (1 år attval)

Henrik Kamphus (1 år ny)

Anbjørg M. Bergwitz (1 år ny)

#### Rådet i Leikarringen:

I fjor vart desse vald inn i Rådet for 2 år:

Anbjørg Myhra Bergwitz, Lasse Pettersen og Karianne Johansen

Liste over nye kandidatar vert presentert for årsmøtet